

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 24.09.14

**Frå:** Fylkesordføreren

### Innspel til Budsjett 2015

Fylkesordføreren reknar med at det i år vil kunne bli ekstra stor merksemd kring budsjettprosessen vår.

Det vanlege er at ulike interessegrupper/aktørar får kome med synspunkt og innspel på politikardagen, i år lagt til 24.11.

Eg trur vi i år bør opne for at ein del aktørar bør få sleppe til noko tidlegare, samtidig som vi køyrer «vanleg program» på nemnde politikardag.

Eg har drøfta med fylkesrådmannen korleis vi i så fall bør gjere dette, og vi har vurdert tre alternativ: Anten å halde ein ekstra «politikardag» i tilknytning til fylkestinget i oktober (FT er 14.10), halde ein ekstra dag i tilknytning til planlagde hovudutvalsmøte i slutten av oktober (28.-29.10) eller leggje inn ein ekstradag 4.11, dvs. rett i forkant av siste møte i finansutvalet (5.11).

Vi har konkludert med at beste løysinga vil vere at finansutvalet kjem saman 4.11 til ein «politikardag/innspelsdag» og at øvrige fylkestingsrepresentantar då får høve til å møte (utan overnatting). Ein slik dag kan t.d. tidfestast til kl. 12-18.

Denne datoen vil passe administrasjonen best. Det vil då også føreliggje fleire nye arbeidsdokument (til finansutvalet 24.09, 15.10 og 5.11), samtidig som korkje finansutvalet, fylkesutvalet eller fylkestinget vil ha konkludert.

Eg tenkjer meg ei møteavvikling som på ein vanleg politikardag, der alle som slepp til får inntil 10 minutt kvar. Dei som då ikkje får framføre sin bodskap bør få prioritet 24.11.

Eg ber om fylkesutvalet sine ev. synspunkt på å legge til rette for innspel på denne måten.



Åshild Kjelsnes  
fylkesordførar